

**Til Kulturdepartementet,
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no**

Høyringsvar frå Fjørtoft sokneråd, Nordre Sunnmøre prosti, Møre bispedøme

Utskrift frå møteboka til Fjørtoft sokneråd

Sak 31/14: **Høyring: Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille.**

Vedtak: Fjørtoft sokneråd ser med uro på alt som kan svekke Den norske kyrkje som folkekyrkje. Etter rådet si meining vil både land og folk vere best tent med at dei nære banda som har vore mellom det norske samfunnet og Den norske kyrkje ikkje vert ytterlegare svekka. På den bakgrunn er ein uroa over ein del som står både på og mellom linjene i dette høyringsutkastet.

Punkt 1: « En skrittvis utvikling»

Det kan framstå slik at dette er eit steg på vegen mot eit fullstendig skilje, også økonomisk, mellom stat og kyrkje, og at ein til slutt vil ende opp med ei kyrkjeordning der medlemskap i Den norske kyrkja vert stadfesta ved årleg medlemsavgift. Det vil vere dødsstøtet for kyrkja som folkekyrkje, og seinare «skritt» kan munne ut i høyringsutkast som i praksis vil seie: «Folket og Den norske kyrkje - eit tydeleg skilje, jfr. «Både Kirkemøtet og regjeringen ser behovet for ytterligere reformer senere» (s.3) og «Spørsmålet om endringer i finansieringsordningene for Den norske kirke slik at kirken kan bli mer økonomisk selvstendig, for eksempel i retning av medlemsavgift i en eller annen form, vil da være naturlig å ta opp» (s.4)

Punkt 2: Kirkens rettslige forhold

Uansett endring må soknet framleis vere sjølvstendig og vere arbeidsgjevar for sine tilsette. Statens finansieringsansvar for Den norske kyrkje må lovfestast, og kommunen sitt finansieringsansvar overfor kyrkja må først vidare. Fjørtoft sokneråd støttar tanken om oppretting av ei klagemnd for Den norske kyrkje. Ei slik klagemnd må ikkje berre omfatte disiplinærsaker, men også vere eit organ som t.d. sokna kan vende seg til når det ligg føre kritikkverdige forhold.

Punkt 3: Overføring av prestane og andre...frå staten til kirken

Fjørtoft sokneråd går inn for at Kyrkjemøtet vert øvste arbeidsgjevarinstans for prestane, dei tilsette ved bispedømeråda og Kyrkjerådets sekretariat.

Soknerådet vil likevel påpeike at dei arbeidsrettslege tilhøva for prestane ikkje må bli svekka ved ei nyordning.

Punkt 4: Kyrkja si økonomiske stilling

Dette punktet er delvis så uklart og vagt i si utforming at ein vanskeleg kan gi det si tilslutning før ein har sett ei konsekvensanalyse av ulik framlegg.

Punkt 5: Administrative og økonomiske konsekvensar

Etter soknerådet si meining har dette punktet alt for lite forpliktande formuleringar. Den norske kyrkje bør sikrast overføringar som set den i stand til minst å kunne drive på dagens nivå.

Den norske kyrkje treng forutsigbare rammevilkår og lovfesta ytingar for å unngå å bli ein salderingspost ved skiftande politisk samansetjing av Storting og regjering.